

# Årsrapport 2016

## Distriktsmusikargruppa i Stord kommune (Trio Vest)

Stord kulturskule administrerer og organiserer distriktsmusikarane i Stord kommune, også kalla Trio Vest. Gruppa har same samansetting som dei har hatt i fleire år; tverrfløyte, cello og piano. Til saman utgjer dette 1,5 årsverk. Distriktsmusikarane er løna og finansiert over Stord kulturskule sitt budsjett.

Distriktsmusikarane skal vere ein ressurs i det lokale musikkmiljøet. Dei produserer eigne konserter og har noko samarbeid mellom anna med lokal kor og andre aktørar. Dei har faste oppdrag for «Den kulturelle spaserstokken» i Stord kommune og er ein naturleg samarbeidspartner for Falturiltu-festivalen på Stord. (Falturiltu er ein nynorsk barnelitteraturfestival).

I 2016 har distriktsmusikarane ikkje fått tildelt skulekonsert-turñe gjennom DKS/rikskonsertordninga i fylket.

I oktober 2016 vedtok Stord kommunestyre av å avvikle distriktsmusikarordninga, stillingane vert frå 01.07.2017 gjort om til undervisningsstillingar.

### Aktivitet distriktsmusikarane/Trio Vest i 2016:

8. januar	«Mini-konsert» for Aker Kværner, Stord hotell
3. februar	«Heim» Samarbeid med den kulturelle spaserstokken og Sunnhordland museum.
4. februar	«Mini-konsert» opning av kunstutstilling Husnes bibliotek
11. februar	Kveldskonsert i Nysæter kyrkje i samarbeid med organist Bjarte Aadland og Kari Bolette Lundal, opplesing
25. februar	Den kulturelle spaserstokk, Stord kulturhus
31. mars	Den kulturelle spaserstokk, Stord kulturhus
10. april	Samarbeid med Bremnes kantori (berre cello)
19., 26. og 29. april	«Inn i det mørke fjell» Skulekonsertproduksjonar, i samarbeid med Munor ensemblet i Haugesund. (9 konserter) Berre pianist
23. og 24. april	Samarbeid med Stordkoret, konsert i Stord kyrkje og , berre cello
30. april	Musikkinnslag ved borgarleg konfirmasjon, 2 seremoniar
12. mai	Den kulturelle spaserstokk, Stord kulturhus
26. og 27. mai	Sæverud-program, 4 skulekonserter
9. juni	Den kulturelle spaserstokk, Stord kulturhus
14. juni	«Mini-konsert» opning av Hordaland fylkesting, Rosendal
1. oktober	«Mini-konsert» opning av kunstutstilling Moster Amfi
2. oktober	Flygelkonsert, Stord kulturhus. Berre pianist
6. oktober	Den kulturelle spaserstokk, Stord kulturhus

6. oktober	Innviingskonsert nytt piano, Fitjar kulturskule. Berre pianist
26., 27. oktober + 2. november	«Peder Lundarstøl» Program i samarbeid med Sunnhordland museum. Framsyningar på Stord (2), Fitjar og Husnes
Veke 45	Skule-konsertar i samarbeid med Falturiltu og forfattar Selma Lønning Aarø. (8 framsyningar)
26. og 27. november. november	Stordkoret, Brahms Ein Deutsches Requiem, berre cello. Pianist har vore repetitør heile hausten til dette prosjektet.
7. desember	Konsert/framsyning i samarbeid med Kari Bolette Lundal og Stord folkebibliotek
8. desember	Den kulturelle spaserstokk, Stord kulturhus

### **Rekneskap for distriktsmusikarordninga på Stord, 2016:**

Inntekter og utgifter er samla i sekkepostar.

#### **Inntekter:**

Overføring frå Hordaland fylkeskommune	243 000
Diverse konsertar/oppdrag	92 563
<u>Midlar frå den kulturelle spaserstokken</u>	<u>31 000</u>
<b><u>Sum</u></b>	<b><u>366 563</u></b>

#### **Utgifter:**

Løn (inkl. sosiale utgifter)	1 096 613
<u>Diverse kveldstillegg/reiseutgifter m.m</u>	<u>27 000</u>
<b><u>Sum</u></b>	<b><u>1 123 613</u></b>

***Stord kommune løyva i 2016 kr 757 050.- til distriktsmusikarordninga.***

Stord 10. januar 2016

Anne Lene Østvold Jordåen  
rektor, Stord kulturskule